

FENGSELENE BRYTER LOVEN

se side 18


FOKO-nytt (21) 2/2004

SPECIALNUMMER

om den forskingsmessige evaluering
av fengselsundervisninga

the 10th EPEA
International Conference
side 14

FOKO-SEMINARET 2004
Bruk påmeldingsslipp
side 21




Forum for
oppl ring
innenfor
kriminalomsorgen
Norsk underavdeling av EPEA

EUROPEAN
PRISON
EDUCATION
ASSOCIATION



Lederens hjørne

Så er den over igjen, sommeren, i alle fall nesten. I Athen kjemper man fortsatt om medaljer i sommer-OL. Her forleden dag så jeg Irak kjempe seg til semifinal plass i fotball, og det mens geværkulene pepres i hjemlandet deres. Nei, da var det bedre i antikken. Da brakte Herkales oliventreet til Olympia, hvor filosofer, poeter, atleter og politikere feiret olympiske leker med noen måneders våpenhvile. Under den omtalte fotballkampen fulgte jeg faktisk mer med på radioen hvor NRKs nordenkorrespondent Kjell Pihlstrøm fortalte om en bonde i Norrköping som etter at neisiden tape EU-valget i Sverige har gjort det til sin hobby å slå opp store plakater med politisk meningsytring på sine jorder rett ved den store europaveien E4. Og det var teksten som bonden akkurat nå hadde slått opp på sine 10 meter lange hjemmesnekrede plakater som fanget min interesse: "Fengselsvesenet gjør fjernsynets krimserier overflødige". Absolutt et aktuelt tema etter en sommer med en rekke rømninger i Sverige. Dette har også ført til innskjerper her på berget. Innskjerper som ikke har vært til det bedre for de innsatte. Mange elever synes derfor det er befriende å begynne på skolen igjen og det er derfor vi lærere føler oss så velkomne tilbake. Med lærevillige elever og uthvilte lærere skulle det borge for at fengselsskolene har de beste forutsetninger for å drive et godt pedagogisk arbeid.



Vi som har arbeidet med opplæring innenfor kriminalomsorgen har de siste årene vært utsatt for en forskningsbasert evaluering av fengselsundervisningen. Det er med stor glede at vi i denne spesialutgaven av FOKO-NYTT kan presentere et kort sammendrag, samt forslagene fra oppfølgingsgruppa. Her er det helt klart ting vi kan ta med oss i vårt daglige virke, samtidig som det er lagt fram forslag som kan føre til total revolusjon av organiseringen av fengselsundervisningen i Norge. Vi i FOKO er ikke enig i alle forslag, men det er likevel nyttig med innspill fra sidelinjen.

Avslutningsvis vil jeg bare minne om Sørmarka-seminaret 14-16 okt. Der kan det være nyttig å møte opp. Her vil man få mye nyttig påfyll til å drive et enda bedre pedagogisk arbeid for våre kunder. Likevel er det viktigste å treffe kollegaer i samme situasjon og utveksle erfaringer i en hyggelig sosial setting. Slik kan vi sammen gjøre opplæring innenfor kriminalomsorgen bedre og Herakles kan overbringe følgende budskap til bonden i Norrköping: "Fengselsundervisningen i Norge er på rett vei!"

Ses på Sørmarka

Hilsen Jon Erik

STYRET I FOKO 2004

Leder: Jon Erik Rønning, Jessheim vgs. avd. Ullersmo fengsel
jessvgs@online.no

Nestleder: Frøydis Holstad, Oslo fengsel
froeydis.holstad@c2i.net

Infoansvarlig: Leif Lyngstad, Klosterskogen vgs. avd Skien feng.
klostfeng@online.no

Kasserer: Gisle Grahl-Jacobsen, Strømsø vgs. avd Drammen fengsel
gisle.grahl-jacobsen@skole.bfk.no

Sekretær: Torfinn Langelid, Fylkesmannen i Hordaland
torfinn.langelid@fm-ho.stat.no

Vararepresentanter:

Knut Lage Bø, GVO avd. Bredtvedt fengsel

Asbjørn Støverud, Jessheim vgs. avd Ullersmo fengsel


Innhold i FOKO-nytt 1/2004

Lederen.....	2
Forskningsmessig evaluering av fengselsundervisning.....	3
Innkalling til årsmøte.....	11
EPEA News.....	12
EPEA konferanse i Sofia 2005.....	14
Fengslene bryter loven.....	18
FOKO-seminaret 2004.....	21
Rekomendasjon.....	24

Neste nummer av FOKO- nytt vil inneholde:

- Arbeidsdrifta - den sterkeste av alle drifter?
- Nordisk konferanse i Roskilde
- IKT i fengsel
- A-etat

Utgivelse jul 2004



**Forum for
opplæring
innenfor
kriminalomsorgen**
Norsk underavdeling av EPEA

Redaktør: Asbjørn Støverud
Jessheim vgs avd. Ullersmo fengsel
Boks 2
2040 Kløfta
E-post: asbjorn@st.mailbox.as
tlf: 63927351

layout: Jon Erik Rønning
Ansv: Leif Lyngstad

Føreord

Forskingsmiljøa avslutta hausten 2003 den omfattande forskingsbaserte evalueringa av fengselsundervisninga. Eit samla Storting bad hausten 1998 om denne evalueringa. Føremålet var å vurdere fengselsundervisninga si rolle og kva slags tiltak som kunne styrkje dette området.

Den oppnemnde Oppfølgingsgruppa har følgd forskingsmiljøa nært gjennom tre år ved å delta på årlege samlingar og med råd og tilbakemelding på forskingsrapportane som er lagde fram. Oppfølgingsgruppa presenterer i denne rapporten eit samandrag av dei viktigaste funna i rapportane og kjem med sine egne forslag til tiltak for vidareutvikling av opplæringa innanfor kriminalomsorga.

Fylkesmannen i Hordaland oppmodar skolane, kriminalomsorga, dei ulike etatane og andre interesserte til å drøfte resultata og forslag til tiltak som er presenterte i denne rapporten.

Fylkesmannen i Hordaland takkar Oppfølgingsgruppa for godt samarbeid og konstruktive bidrag til å vidareutvikle dette viktige området til beste for den straffedømte og for samfunnet.

Bergen, mars 2004

Kjellbjørg Lunde

Føreord

Oppfølgingsgruppa for prosjektet "Evaluering av fengselsundervisninga" blei oppnemnd av dåverande Statens Utdanningskontor i Hordaland hausten 1999. Oppgåvene for Oppfølgingsgruppa var i hovudsak tredelte: For det første var Oppfølgingsgruppa med i initieringsfasen og utforma evalueringsoppdraget til forskingsmiljøa. Dinest var Oppfølgingsgruppa med på å drøfte opplegg og gjennomføring av evalueringa med forskingsinstitusjonane. Oppfølgingsgruppa kommenterte seinare utkast til rapportar frå evalueringsmiljøa og kom med framlegg om tiltak til oppdragsgjevar på bakgrunn av resultata frå forskingsrapportane.

Alle rapportane i forskingsprosjektet, sju i alt, er sende til skoleverk, kriminalomsorg, universitet og høgskolar, organisasjonar og andre. Det blei og gjennomført ein avslutningskonferanse for forskingsprosjektet i november 2003, der representantar for departement, skoleverk, kriminalomsorg, Aetat, organisasjonar og fleire var inviterte. På denne konferansen blei hovudfunna presenterte og kommenterte.

Forslag til tiltak som Oppfølgingsgruppa presenterer her, byggjer på forskingsrapportane og drøftingane av dei på avslutningskonferansen.

Bergen, mars 2004

Terje Manger
leiar

Ragnhild Engeness
Sturla Falck
Inger Marie Fridhov
Ståle Olsen
Inger Norton
Ivar Ulvestad
Vibeke Thue (observatør)
Torfinn Langelid, sekretær

1 Bakgrunn for den forskingsmessige evalueringa

Under handsaminga av budsjettet hausten 1997 gjekk Kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen mellom anna inn for at Regjeringa skulle ta initiativ til ei forskingsmessig evaluering av fengselsundervisninga:

"...Komiteen viser til NOU 1992:19 "Opplæring i norske fengsler – kompetanse og livsmestring og ber om at Regjeringa tar initiativ til ei forskingsbasert evaluering omkring fengselsundervisninga sin rolle og kva slags tiltak som kan styrke dette området av kriminalomsorga" (Budsjett-innst. S. Nr. 12 – 1997-98, s.33).

Stortinget vedtok under handsaminga av statsbudsjettet for 1998 følgjande framlegg:

"Stortinget ber Regjeringa ta initiativ til ei forskningsbasert evaluering av fengselsundervisninga." (Romertallsvedtak X.)

Undervisningskomiteen i Stortinget la til grunn at denne forskingsbaserte evalueringa også skulle vurdere fengselsundervisninga si rolle og kva slags tiltak som kunne styrke dette området av kriminalomsorga. Evalueringa skulle ta for seg tre område/nivå: a) Systemnivået, b) det pedagogiske opplegget og c) individnivået.

Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet og Statens utdanningskontor i Hordaland (frå 01.01.03 Fylkesmannen i Hordaland) tildelte midlar til fire forskingsmiljø, som fekk i oppdrag å gjennomføre ei forskingsbasert evaluering av fengselsundervisninga. Arbeidet tok til i 2000 og blei avslutta hausten 2003.

Fylkesmannen i Hordaland har hatt det administrative ansvaret for å gjennomføre evalueringssprosjektet. Oppfølgingsgruppa for evaluering av fengselsundervisninga gav råd til Fylkesmannen i Hordaland og hadde tett kontakt med forskingsmiljøa, mellom anna i form av årlege samlingar.

2 Forskingsmiljøa

Fire forskingsmiljø ved tre norske universitet gjennomførte evalueringa:

· Pedagogisk institutt ved Norges Teknisk Naturvitenskapelige Universitet (NTNU) i Trondheim har hatt det faglege og administrative ansvaret for prosjektet "Evaluering av fengselsundervisningen. Undervisning og opplæring av korttidsinnsatte." Prosjektleiar har vore professor Einar M. Skaalvik, Pedagogisk institutt, NTNU.

· Institutt for kriminologi ved Universitetet i Oslo har hatt det faglege og administrative ansvaret for prosjekta "Evaluering av fengselsundervisningen for kvinnelige fanger" og "Evaluering av fengselsundervisning for innvandrere". Prosjektleiar har vore professor Hedda Giertsen, Institutt for kriminologi og rettsosiologi, Universitetet i Oslo.

· Institutt for praktisk pedagogikk ved Universitetet i Bergen har hatt det faglege og administrative ansvaret for prosjektet "Evaluering av fengselsundervisning – systemnivået". Prosjektansvarleg har vore førsteamanuensis Svein Rognaldsen, Institutt for praktisk pedagogikk, Universitetet i Bergen.

· Rokkansenteret (tidlegare SEFOS) ved Universitetet i Bergen har hatt det faglege og administrative ansvaret for prosjektet "Undervisning og opplæring i det moderne fengsel: Danning eller disiplinering". Prosjektansvarleg har vore forskar Bodil Ravneberg, Rokkansenteret, Universitetet i Bergen.

3 Oppfølgingsgruppa

Oppfølgingsgruppa som gav råd til oppdragsgjevar, Fylkesmannen i Hordaland, hadde følgjande medlemmer:

Ragnhild Engeness, direktør
Divisjon utdanning, Sør-Trøndelag fylkeskommune, Trondheim
Sturla Falck, forskingsleiar
Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA), Oslo
Inger Marie Fridhov, dagleg leiar
Det Kriminalitetsforebyggende Råd, Oslo
Torfinn Langelid, seniorrådgjevar
Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga, Bergen (sekretær).
Terje Manger, professor
Institutt for samfunnspsykologi, Universitetet i Bergen (leiar)
Ståle Olsen, underdirektør
Åna fengsel
Inger Norton, studierektor
Fagerlia vgs, Ålesund (var med siste halvdel av evalueringsperioden)
Randi Anda, rektor
Fagerlia vgs, Ålesund (var med første halvdel av evalueringsperioden)
Ivar Ulvestad, rektor
Grønland Voksenopplæringscenter, Oslo

Observatør:

Odd Larsen, seniorrådgjevar
Utdannings- og forskingsdepartementet, Oslo (fram til mai 2002) og blei avløyst av Vibeke Thue, underdirektør
Læringscenteret, Oslo

4 Rapportane

Alle forskingsrapportane har kome ut i serien "Evaluering av fengselsundervisningen". Dei kan tingast frå Fylkesmannen i Hordaland.

1. Viljugrein, Tone (2002). Skole, språk og fengsel. Undervisning av mannlige minoritetsspråklige fanger i fire norske fengsler. Rapport nummer 1/02. Institutt for kriminologi og rettsosiologi, Universitetet i Oslo. Statens utdanningskontor i Hordaland.
2. Skaalvik, Einar M., Finbak, Liv og Pettersen, Tone (2002). Begrunnelse og formål med fengselsundervisningen. Delrapport. Rapport nummer 2/02. NTNU (Norges Teknisk Naturvitenskapelige Universitet) og VOX (Voksenopplæringsinstituttet). Statens utdanningskontor i Hordaland.
3. Sandvik, Anne Berit (2003). Hva passer for kvinner? Undervisning for kvinnelige fanger i fire norske fengsler. Rapport nummer 1/03. Institutt for kriminologi og rettsosiologi, Universitetet i Oslo. Fylkesmannen i Hordaland.
4. Rognaldsen, Svein (2003). Evaluering av fengselsundervisningen med vekt på systemnivået og kriminalomsorgens totale opplæringsvirksomhet. Rapport nummer 2/03. Institutt for praktisk pedagogikk, Universitetet i Bergen. Fylkesmannen i Hordaland.
5. Skaalvik, Einar M., Finbak, Liv og Pettersen, Tone (2003). Undervisning i fengsel. På rett kjø? Rapport nummer 3/03. NTNU (Norges Teknisk Naturvitenskapelige Universitet) og VOX (Voksenopplæringsinstituttet). Fylkesmannen i Hordaland.
6. Pettersen, Tone, Skaalvik, Einar M. og Finbak, Liv (2003). Løslatelse til hva? Elevers forberedelser til løslatelsen og tiden etter endt soning. Rapport nummer 4/03. NTNU (Norges Teknisk Naturvitenskapelige Universitet) og VOX (Voksenopplæringsinstituttet). Fylkesmannen i Hordaland.
7. Ravneberg, Bodil (2003). Undervisning og opplæring i det moderne fengsel. Dannende eller disiplinerende? En undersøkelse av fengselsundervisningen i Bergen og Oslo fengsel. Rapport nummer 5/03. Rokkansenteret, Universitetet i Bergen. Fylkesmannen i Hordaland.

Alle rapporter kan bestilles hos fylkesmannen i Hordaland:

Fylkesmannen i Hordaland

Utdanningsavd.

Postboks 7310

5020Bergen

Faks: 55572352

e-post: postmottak@fmho.no

5 Juridiske avklaringar

Dei innsette sine rettar til opplæring er regulert av internasjonale konvensjonar og rekommendasjonar. Medlemsstatane i FN og Europarådet har forplikta seg på å følgje opp dei konvensjonane og tilrådingane som dei har vore med og vedtatt. Til dømes har dei nordiske landa inkorporert den Europeiske menneskerettskonvensjonen i sitt lovverk.

Dei innsette sine rettar til undervisning og opplæring

Eit overordna verdigrunnlag i norsk kriminalomsorg er at innsette skal ha same tilgang til samfunnet sine tenestetilbod som borgarar elles i samfunnet. Det medfører at det er andre offentlege etatar enn kriminalomsorga som yter desse tenestene. Gjennom bruk av importmodellen eller forvaltnings-samarbeidet, som det heiter i dag, skal det føre til størst mogeleg grad av normalisering og openheit i eit elles lukka system. Det er også ein måte å ansvarleggjera andre etatar, ved å peike på at desse også har eit ansvar for å leggje til rette for tilbakeføring av straffedømte til samfunnet.

I følgje Opplæringslova har alle rett og plikt til grunnskole-opplæring, og alle som har fullført grunnskolen har rett til treårig vidaregåande opplæring. I tillegg har vaksne som er fødte før 1. januar 1978 rett til vidaregåande opplæring. Det er også slik at etter lovendringa som blei gjort gjeldande frå 1. august 2002 har vaksne rett til fornya grunnskoleopplæring og rett til spesialundervisning. Desse lovendringane er særleg viktige, når det gjeld opplæring innanfor kriminalomsorga. Hovudtyngda av fangebefolkningen er i alderen 21 – 40 år. Det er mange fleire i denne gruppa som ikkje har fullført vidaregåande opplæring, enn elles i samfunnet.

I den nye Straffegjennomføringsloven (gjort gjeldande frå 1. mars 2002) er dei innsette sine borgarlege og sivile rettar klargjorte (§2). Dette blir presisert i forskriftene til lova, som seier at domfelte og varetektsfengsla har same rett til tenester og tilbod og dei same plikter og ansvar som folk elles i samfunnet. Kriminalomsorga er difor pålagt, så langt som mogeleg, å leggje til rette for at samarbeidande etatar skal kunne yte sine lovfastsette tenester til domfelte og varetektsfengsla, slik at dei skal få ta del i desse tenestene (§4).

Forholdet mellom nasjonalt og internasjonalt lovverk og rekommendasjonar

Det norske lovverket er under påverknad frå internasjonale konvensjonar og tilrådingar. Alle dei nordiske landa har til dømes inkorporert Den europeiske menneskerettskonvensjonen i sitt lovverk. FN har vedtatt konvensjonar som medlemsstatane har vedtatt å følgje opp. Europarådet har vedtatt ei rekkje tilrådingar innanfor ulike område som medlemsstatane har forplikta seg på.

Den europeiske menneskerettskonvensjonen seier i artikkel 2 at "Ingen skal bli nektet retten til utdanning".

FN sin konvensjon om barn sine rettar. I takt med utviklinga om at fleire barn og unge blir fengsla, må kriminalomsorga ivareta barna sine rettar i høve til FN sin konvensjon om barn sine rettar. Det blir gjort særleg merksam på artikkel 28 om utdanning og artikkel 37 om tortur, dødsstraff og fengsel.

I UNESCO sine tilrådingar for vaksenopplæring frå den fjerde internasjonale konferansen om vaksenopplæring i 1985, blei den viktige retten til utdanning ("the right to learn") vurdert som ein av føresetnadene for å kunne vekse som individ og samfunnsborgar.

Europarådet har vedtatt fleire tilrådingar som er aktuelle for opplæring innanfor kriminalomsorga. I følgje dei Europeiske fengselsreglar (paragraf 77 – 82) frå 1987 skal eit fullstendig utdanningsprogram organiserast ved kvar anstalt for å gje alle innsette høve til å oppfylle i det minste visse individuelle behov og ønske. Fengselsstyresmaktene bør vise særleg merksemd til utdanning av unge innsette, i tillegg til utanlandske innsette eller innsette som har spesielle kulturelle eller etniske behov. Spesielle opplæringsprogram bør organiserast for innsette med særlege vanskar, til dømes lese- og skrivevanskar eller matematikkvanskar.

Europarådet har i tillegg vedtatt 17 tilrådingar om Opplæring i fengsel (Rekommendasjon nr R (89) 12 frå 1989), med mellom anna perspektiv på mål for opplæringa i fengsel, opplæringa sin plass i fengslssystemet, metodar i vaksenopplæringa, om yrkesopplæring, om kreative og kulturelle aktivitetar og tilhøvet mellom opplæring utanfor og i fengsel. I paragraf 1 blir det sagt følgjande: "Alle fanger skal ha tilgang til opplæring, som er forutsatt å bestå av klasseromsemner, yrkesopplæring, kreative og kulturelle aktivitetar, fysisk fostring og sport, sosial opplæring og muligheter for å bruke bibliotek."

6 Forskingsrapportane sine funn og forslag til tiltak

I dette kapitlet har vi samanfatta dei ulike forskingsrapportane sine forslag til tiltak. Utvalet er gjort på grunnlag av drøftingar og oppsummeringar i Oppfølgingsgruppa. Gjennom lesing av rapportane vil ein få eit klarare inntrykk av alle funna og forslag til tiltak med grunngevingar.

Undervisning og opplæring av korttidsdømte

Skaalvik, Finbak og Pettersen (2002 og 2003). Rapportane "Begrunnelse og mål med fengselsundervisninga", "Undervisning i fengsel. På rett kjøll?" og "Løslatelse til hva?"

Generelle forslag

- Ein må avklara målsetjinga med fengselsundervisninga og kva delmål som skal vektleggjast mest.
- Opplæringstilboda må utvidast med fleire fag, til dømes fleire yrkesfaglege tilbod.
- Ein må utvikla større fleksibilitet når det gjeld opplæringstilboda.
- Lærarar må i større grad leigast inn etter behov hos elevane.
- Dei ulike tilboda, slik som undervisning, programverksemd og soningsplanlegging, må i større grad samordnast.
- Informasjonen om opplæringstilboda må systemiserast betre, slik at kvar innsett allereie i møtet med

fengslet får god kjennskap til rettar og opplæringstilbod.

- Det må utarbeidast klarare kriterium for opptak til skolen.
- Arbeidsdrifta må utnyttast betre i opplæringsverksemd.
- Innhaldet i undervisninga må innarbeidast i framtidsplanar.
- Bruken av frigang, kombinert med undervisning utanfor fengslet etter individuell vurdering av elevane, må aukast.

Oppfølging etter avslutta soning.

- Det må gjerast eit meir systematisk arbeid med førebuing til frigjeving. Fengselsundervisninga må vera ein viktig lekk i dette arbeidet.
- Det må leggjast til rette for deltaking i oppfølgingsgruppe (ansvarsgruppe) - med hjelp til skolegang, bustadforhold og rusavvenning. Oppfølginga må tilpassast graden av kriminalitet og rusbruk.
- Det må skapast meir forpliktande samarbeid og samordning mellom dei ulike etatane og tiltaka. Ansaret må plasserast tydeleg hos ein av partane.

Organisatoriske endringar av fengselsundervisninga

- Den sentrale leiinga av fengselsundervisninga hos Fylkesmannen i Hordaland bør styrkjast.
- Det må opprettast regionale utdanningskontor for fengselsundervisninga. Dei må sortere under den sentrale leiinga og ha fagleg, økonomisk og administrativt ansvar for fengselsundervisninga i den einskilde region.
- Skolen i fengslet bør ha ein leiar som har det daglege ansvaret for all opplæringa i fengslet, og som har tett kontakt både med fengselsleiinga, lærarane og den regionale avdelingsleiaren.
- Ordninga med at skolen i det einskilde fengsel er ein avdeling av den lokale vidaregåande skolen må avviklast. I staden vert det oppretta avtaler med grunnskolar og vidaregåande skolar om avvikling av eksamen og utskriving av vitnemål og kursbevis.

Organisatoriske endringar innanfor endra struktur

- Det må vera ein kombinasjon av fast stasjonerte lærarar og lærarar som blir leigde inn for å gjennomføra avgrensa undervisningsoppgåver.
- Det må brukast meir frigang og opplæring utanfor fengslet etter individuell vurdering.
- Ansvar for programverksemda må overførast til dei regionale opplæringsavdelingane.
- Det må etablerast eit forpliktande samarbeid mellom fengslet og skolen om arbeid med soningsplanar/framtidsplanar.
- Det må skapast eit forpliktande samarbeid mellom arbeidsdrifta i fengsla og skolen med tanke på å ta arbeidsdrifta meir systematisk i bruk i opplæringa.*

* Sjå også "generelle forslag"

Systemnivået

Rognaldsen (2003). Rapporten "Evaluering av fengselsundervisninga med vekt på systemnivået og kriminalomsorgens totale opplæringsvirksomhet

Generelle forslag

- Fengselsundervisninga sine oppgåver, mål, grunnleggjande omgrep og teoretiske grunnlag må avklarast og gjerast kjende for alle tilsette i skole og kriminalomsorg.
- Det er behov for å avklare innhaldet i fleire sentrale omgrep som har å gjera med fengselsundervisninga, mellom anna omgrepa fengselsundervisning, rehabilitering, habilitering, behandling, tilpassa opplæring og differensiering.
- Eit sentralt fagleg kompetent organ, t.d. universitet, bør hjelpe til med å utarbeida ein ny læreplan for fengselsundervisninga og leggje til rette for fagutvikling knytt til fengselsundervisninga.
- Det må leggjast til rette for aktivitetar som kan yta bidrag til myndiggjering, livsmeistring og danning hos fangane.
- Dei ulike tilboda til fangane, særleg skoleverksemda, arbeidsdrifta og programverksemda, må samordnast betre enn no.
- Det tverretatlege samarbeidet for fangane må styrkjast, særleg gjeld dette oppfølgingsarbeidet etter soning. Fangane må vera sentrale aktørar i dette arbeidet.
- Dei nye fengselsregionane bør få ansvar for skoleverksemda. Det bør vurderast om dei formelle sambandslinene til fylka og skolane utanfor fengslet bør brytast. Lærarane si faglege kontakt med det ordinære skoleverket må likevel ivaretakast.
- Utdanningsavdelinga hos Fylkesmannen i Hordaland bør byggjast ut og ha koordinerande fagleg og økonomisk funksjon for skoleverksemda og pedagogisk utviklingsarbeid retta mot lærarane. Dette bør skje i samarbeid med eit sentralt fagleg organ, gjerne knytt til eit universitet, og som har ansvar for å koordinera kriminalomsorga sitt totale innhaldsarbeid.
- Dei regionale og lokale leiarane sin kompetanse med tanke på å leia innhaldsarbeidet og endringsarbeidet innanfor dette området bør styrkjast.
- Det er behov for fagutvikling og systematisk endringsarbeid. Dette må ta utgangspunkt i fengsels- og skolekulturen, og ha ei teoretisk forankring som ligg nær praksisfeltet.

Opplæring og utdanning i det moderne fengslet. Dannende eller disiplinerende?

Ravneberg (2003). Rapporten "Undervisning og opplæring i det moderne fengslet. Dannende eller disiplinerende?"

Generelle forslag med tanke på å styrkja fangane si evne til sjølvforvaltning

- Det må gis eit meir differensiert fag- og undervisningstilbod, med meir vekt på korte kompetansegejevande kurs og praktisk-estetiske fag.
- Det må bli større grad av samarbeid mellom etatar innan kriminalomsorga, til dømes mellom skole og arbeidsdrift. Skolen må ta del i utvikling av framtidsplanar og samarbeida systematisk med kriminalomsorga før og etter frigjeving.
- Tilboda må i større grad tilpassast elevane sine behov. Dette kan oppnåast gjennom meir rotasjon av lærarar.
- Ein må tryggje dei innsette si framtid gjennom utdannings- og yrkesrettlegging og oppfølging under og etter soning.

- Det må leggjast til rette for sjølvstudium gjennom styrking av fjernundervisning og betre tekniske hjelperåder.
- Skole og arbeidsdrift må arbeida saman om å tilby yrkesfag og "nye" fag som er etterspurde på arbeidsmarknaden. Skolen må motivera og støtta elevane som vil ta eksamen.
- Skolen må tilby fag som motiverer for vidare skolegang, t.d. datakort og fleire praktisk-estetiske fag.

Styrking av sjølvforvaltninga

Ravneberg har ei inndeling av elevane i fire kategoriar som har relevans for opplæringsverksemda:

- Familieforsørgaren. Her handlar sjølvforvaltning om å tryggje framtida for seg og familien. Målsetjinga er å bli ein økonomisk uavhengig familieforsørgar. Sjølvforvaltning for denne elevkategorien er å syte for å ha god kontakt med familien, syte for å utdanne seg til arbeid og ikkje til arbeidsløyse, ha tillit til og ha gode støttespelarar og yrkesrettleiarar blant lærarstaben i fengslet.
- Den sjølvmedvetne. Her handlar sjølvforvaltning om sjølvutvikling på eigne premissar. Sjølvforvaltning for denne elevkategorien handlar difor om det å ha fleksibilitet og det å kunne velje. Det handlar om fridom til å velje utradisjonelt, og det handlar om integritet og respekt.
- Den håpefulle. Her er det om å gjera å ikkje stå på bar bakke når livssituasjonen endrar seg ein eller annan gong i livet. Sjølvforvaltning handlar difor også om eigenmotivasjon hos den enkelte til å stå opp om morgonen og gå på skole. Lærarane må motivere elevane til å stå på, og halde motet oppe.
- Den søkjande. Her handlar sjølvforvaltning om aktivisering her og no. Det å slå tida i hel og å søkje etter eit betre sjølvbilette handlar også om sjølvforvaltning. Det å koma ut av passiviteten i fengslet, prioritere behandling framfor skole og søkje tryggleik, er handlingar som kan auke individet sin kapasitet til sjølvforvaltning. Også for desse elevane er støtte og tillit frå lærarane avgjerande for sjølvtilitt og pågangsmot.

Minoritetsspråklege innsette

Viljugrein (2002). Rapporten "Skole, språk og fengsel. Undervisning av mannlige minoritetsspråklege fanger i fire norske fengsler"

Forslag knytt til språkopplæringa og opplæring av minoritetsspråklege fangar generelt

- Norskopplæringa må styrkjast og tilpassast dei ulike grupper sine behov. Dette kan oppnåast gjennom betre begynnarkurs i norsk og styrking av norsk som andrefag i grunnskole og på vidaregåande nivå.
- Engelskundervisninga for utanlandske fangar må styrkjast. Engelsk er nyttig under soning og etter eventuell utvisning eller når fangar friviljug dreg frå Noreg.
- Retten til opplæring må slåast fast for alle, slik at utanlandske fangar får same tilbod som etnisk norske og minoritetsspråklege norske fangar.
- Det må gis betre språkundervisning til fangar som sit isolerte og i varetekt.

Generelle forslag med utgangspunkt i undersøkinga av minoritetsspråklege fangar

- Bruk av refs må ikkje gå ut over skolegangen.
- Avbrot i undervisninga må reduserast gjennom auka samarbeid mellom fengslet og skolen.
- Razzia og andre former for inngripande kontroll bør brukast minst mogleg på skolen sitt område og i skoletida.
- Forholda må leggjast til rette for bruk av PC og Internett.

Det må arbeidast for å leggja inn "murar" som hindrar fangane i å lasta ned nettsider og sende e-post som skaffar og opprettheld kontakt med kriminelle nettverk.

- Programverksemda må samordnast med skolegangen. Minoritetsspråklege må gis høve til å delta i programverksemda, sjølv om dei har mindre norskkunnskapar enn etnisk norske fangar.
- Kontaktbetjenten må samarbeida med skolen om framtidsplanen.

Kvinnelege innsette

Sandvik (2003). Rapporten "Hva passer for kvinner? Undervisning for kvinnelige fanger i fire norske fengsler."

Generelle forslag for kvinner

- Kompetansegejevande skolefag må styrkjast.
- Det må gis auka høve til å ta yrkesfag.
- Skole, kjøkken og verkstad må samarbeida om å skaffe fleire praksisplassar.
- Tilbod i data og IKT må betrast.
- Det må bli fleire tilbod i musikk, drama og kunst- og handverksfag.
- Gartneridrift og dyrehald bør bli ein del av opplæringstilboda.
- Butreningskurs tilpassa dei ulike grupper kvinner må styrkjast.
- Tryggleiksrutinane må endrast, slik at kvinner kan arbeida på verkstader på line med menn.
- Alle bør få tilbod om full dags sysselsetjing.
- Soninga bør leggjast slik til rette at kvinnene ikkje taper tilbod når dei sonar saman med menn.
- Det bør leggjast stor vekt på å organisera undervisning eller andre tilbod i regi av skolen, også når det er vanleg skoleferie utanfor fengslet. Dette kan skje gjennom endring av lærarane sine ferierutinar og/eller gjennom bruk av vikarar (som er leiga inn).
- Det bør leggjast til rette for betre skoleoppfølging av innsette som sit i varetekt eller som er isolerte på annan måte.
- Det bør utarbeidast rutinar og klare retningslinjer knytte til oppfølging av fangane etter frigjeving.
- Det må bli meir bruk av opne avdelingar og frigangssoning. Dette kan styrkja kvinnene sin situasjon i fengsla, og gjera det lettare å halda fram med skolegang etter soning.
- Importerte tenester, som til dømes AETAT, må takast i bruk i større grad.

7 Forslag til tiltak frå Oppfølgingsgruppa

Utgangspunktet for forskingsprosjektet var at Stortinget bad om ei forskingsbasert evaluering omkring fengselsundervisninga si rolle og kva slags tiltak som kunne styrkje fengselsundervisninga. Utifrå forskingsrapportane sine funn og framlegg til tiltak, presenterer Oppfølgingsgruppa framlegg til kva tiltak som bør følgjast opp for å ivareta Stortinget sine overordna intensjonar.

Generelle tiltak

På dette området gjer Oppfølgingsgruppa framlegg om fleire og meir differensierte opplæringstilbod og at det må gjevast betre informasjon om opplæringstilboda. Samarbeidet mellom skole og arbeidsdrift må gis høg prioritet, med tanke på å få fleire opplæringstilbod. Det tverretatte samarbeidet må utviklast og styrkjast. Forslag blir utdjupa nedanfor.

Utvikling av opplæringstilboda

- Opplæringstilboda må utvidast og bli meir differensierte (t.d. fleire yrkesfaglege tilbod, meir vekt på formingsfag, praktiske-estetiske fag, korte kompetansegevande kurs, IKT – kurs, korte kurs for dyslektikarar, kurs for å ta sertifikat mv).
- Det må leggjast til rette for sjølstudium gjennom styrking av fjernundervisning og betre tekniske hjelperåder.
- IKT må bli ein naturleg del av all opplæring og gode tryggleiksrutiner må utviklast. Læringsplattformen må takast i bruk, både som administrativt og pedagogisk verkty og som eit nettverk skolane i mellom.
- Utdannings- og yrkesrettleiinga må styrkast. Informasjonen om opplæringstilboda må systemiserast betre. Det bør gjennomførast rådgivingssamtaler med alle innsette. Skolen må samtale under inntak, når det blir endringar i soningsforholdet og ellers undervegs i opplæringsprosessen (kvar 3. måned).
- Betre samarbeid mellom skole og arbeidsdrift kan gi fleire og varierte opplæringstilbod. Arbeidsdrifta kan på denne måten i større grad bli kompetansegevande. Skole og arbeidsdrift må arbeida saman om å tilby yrkesfag og ”nye” fag som er etterspurde på arbeidsmarknaden.
- Det må utarbeidast klarare kriterium for inntak av elevane til skolen.
- Lærarrolla
 - Det er behov for fagutvikling og systematisk endringsarbeid.
 - Lærarane må få betre høve til etter- og vidareutdanning.
 - Det må innanfor opplæringa i kriminalomsorga i større grad utviklast vaksenpedagogiske metodar tilpassa dei innsette sin bakgrunn og deira behov.

Organisatoriske tiltak

Oppfølgingsgruppa viser til at målsetjinga med fengselsundervisninga er uklar. Hovudskolen har for dårleg kontakt med filialskolene i fengslet og den sentrale forvaltninga av fengselsundervisninga bør styrkjast. På denne bakgrunn gjer Oppfølgingsgruppa framlegg om følgjande tiltak:

- Føremålet med fengselsundervisninga må klargjerast for alle partar på ulike nivå innanfor skole og kriminalomsorg. Mål, oppgåver, grunnleggjande omgrep og det teoretiske grunnlaget må avklarast og gjerast kjent for alle.
- Den sentrale leiinga av fengselsundervisninga hos Fylkesmannen i Hordaland bør styrkjast og ha ein koordinerande fagleg og økonomisk funksjon for skoleverksemda og pedagogisk utviklingsarbeid retta mot lærarane. Dette vil auke kapasiteten til å yte tenester retta mot dei regionale ledda.
- Opplæringa innanfor kriminalomsorga bør byggje på ein modell med ein kombinasjon av faste lærarar og ein ressurs til å leige inn lærarar etter behov. Leiarressursen i skolen i fengslet bør styrkjast. Skoleavdelingane inne i fengsla må utvikle kontakten med skolane. Vidare bør arbeidet med skolespørsmål på det regionale nivået styrkjast. Fylkeskommunen må forsterke arbeidet med dette feltet.
- Det bør prøvast ut ein alternativ modell i enkelte regionar, der ansvaret for opplæringa blir lagt til regionale avdelingar for folk tilsette av skoleverket.
- Skolen i fengslet må leggje opp til arbeidstidsordningar og ferierutinar som er tilpassa elevane og institusjonen sine behov. Dermed kan ikkje skolen i fengslet følgja skoleåret i det ordinære skolesystemet.

Samarbeid om tilbod og samarbeid mellom ulike yrkesgrupper

Av forskingsrapportane går det fram at både samarbeidet om dei ulike tilboda og samarbeidet mellom dei ulike yrkesgruppene blir ivaretatt på ein dårleg måte. Oppfølgingsgruppa gjer framlegg om klarare ansvarsfordeling og betre rutinar for samarbeid.

- Dei ulike tilboda som opplæring, programverksemd og arbeidsdrift må i større grad samordnast.
- Det må leggjast til rette for eit forpliktande samarbeid mellom fengslet og skolen, særleg med tanke på at arbeidsdrifta kan bli del av formell kompetanseoppbygging.
- Skolen i fengsel bør ha ein leiar som har det daglege ansvaret for all opplæring i fengslet. Leiaren bør ha tett kontakt både med leiinga for kriminalomsorga, lærarane og det regionale leddet.
- Det må etablerast eit forpliktande samarbeid mellom kriminalomsorga, skolen og Aetat når det gjeld arbeidet med framtidsplan, individuell opplæringsplan og attføringsplan.

Tiltak for kvinnelege innsette

Opplæringa for kvinnelege innsette har i mange år vore kritisert for at ho i for liten grad har vore tilpassa opplæringsbehova til denne gruppa. Oppfølgingsgruppa gjer difor framlegg om tiltak som kan styrkje dette området.

- Det må bli fleire kompetansegevande skolefag med vekt på yrkesretta opplæringstilbod.
- Opplæringstilboda for kvinnelege innsette må utvidast med fleire tilbod i musikk, dans og drama, kunst- og handverksfag. Livsmeistringskurset ”Kost – Miljø – Samfunn” bør også leggjast til rette for kvinnelege innsette.
- IKT - opplæringa må utvidast med fleire tilbod, også med tilgang til Internett. IKT- opplæringa må bli eit verkty elevane har med seg tilbake i samfunnet etter avslutta soning.
- Samarbeidet mellom skole og arbeidsdrift (kjøkken) må utviklast for å skapa praksisplassar.

Tiltak for minoritetsspråklege innsette

Sjølvs om retten til opplæring for alle er nedfelt både i internasjonale konvensjonar og tilrådingar og norsk lov, har opplæringstilboda for minoritetsspråklege innsette i mange år vore merkt av ulik praksis og fråver av departemental klargjering. Oppfølgingsgruppa kjem på dette området med følgjande framlegg til tiltak:

- Retten til opplæring må klargjerast. Utdannings- og forskningsdepartementet og Justisdepartementet må bli samde om kven som gjer kva på dette området.
- Norskopplæringa må styrkjast og tilpassast dei ulike gruppene sine behov. Dette kan gjerast gjennom betre begynnarkurs i norsk og styrking av norsk som andrefag i grunnskole og på vidaregåande nivå.
- Engelskundervisninga for utanlandske fangar må styrkjast, fordi engelsk er nyttig under soning og etter eventuell utvisning.
- Minoritetsspråklege innsette må gis høve til å delta i programverksemda, sjølv om dei har mindre norskkunnskapar enn etnisk norske fangar.

Førebuing til frigjeving og oppfølging etter avslutta soning

Det har gjennom mange år vore for dårleg planlegging av førebuing til frigjeving og oppfølging etter avslutta soning. Forskningsrapportane avdekkar på ny store manglar på dette området, og understrekar sterkt at feltet må styrkjast. Oppfølgingsgruppa går inn for følgjande tiltak:

- Det må gjerast eit meir systematisk arbeid med omsyn til førebuinga til livet etter avslutta soning.
- Det må utviklast eit meir forpliktande samarbeid og samordning mellom dei ulike etatane og tiltaka. Ansvarsfordelinga må bli klar og tydeleg for alle partar.
- Det må leggjast til rette for deltaking i oppfølgingsgruppe/ansvarsgruppe med hjelp til skole, arbeid, bustad, fritid, sosialt nettverk, rusavvenning. Den såkalla Steinkjermodellen har etablert ansvarsgrupper der eleven sjølv i større grad tar hand om sitt eige liv, gjennom å innkalle dei aktuelle samarbeidspartane til møte. I dette opplegget blir det i mykje større grad klargjort kven som gjer kva i dei ulike samanhengar og eleven sjølv blir myndiggjort.
- Det må bli meir bruk av opne avdelingar og frigang til skole og arbeid. På denne måten kan ein i større grad bruke lokalsamfunnet og dei tilboda som er der. Slik vil ein også få eit meir variert opplæringstilbod, og det blir billegare for samfunnet.

Fengselsfaglege problemstillingar

Det er kriminalomsorga som har ansvaret for å gjennomføre fridomstapet. Skolen er ei importert teneste som skal leggje til rette for den opplæringa dei innsette har krav på etter lova. Det er difor ikkje til å unngå at det i møtet mellom fengsel og skole kan oppstå situasjonar som går utover den innsette sin skolegang. Forskningsrapportane gir mange døme på at det er tilfelle. For i størst mogeleg grad å unngå at slike situasjonar oppstår, går Oppfølgingsgruppa inn for følgjande tiltak:

- Refs som går utover skolegangen må reduserast til eit minimum.
- Gjennom betre samarbeid mellom fengslet og skolen, kan

avbrot i opplæringssituasjonen, til dømes ved overføringar reduserast monaleg.

- Fengslet sine kontrollrutinar bør ikkje uroe arbeidet i skolen.
- Tryggingstiltaka må leggjast til rette slik at kvinner kan delta på verkstadene på lik linje med menn.

8 Oppsummering og konklusjon

Den overordna målsetjinga for den forskningsbaserte evalueringa var å sjå på fengselsundervisninga si rolle og kva slags tiltak som kunne styrkje dette området av kriminalomsorga. Evalueringa er eineståande. Ikkje noko anna europeisk land har gjennomført ei tilsvarande evaluering. Resultata er difor allereie etterspurde utanfor Noreg.

I den to tre hundre år lange tradisjonen med tukthus og fengsel, har undervisninga vore eit av tilboda ved sida av arbeidsdrifta. Undervisningsaktivitetane har i stor grad vore kompensatoriske. Det vil seia at tilboda mest har prøvt å bøte på manglane hos dei innsette. I framtida bør fengselsundervisninga i mykje større grad ta utgangspunkt i meistringsperspektivet, finne ut kva behov og kva slags positive erfaringar den innsette har, for så å styrkje desse områda gjennom meistringsretta opplæringsopplegg.

Den gjennomførte evalueringa dekkjer eit breitt område, både opplæring for kvinner, opplæring for minoritetsspråklege innsette, opplæring for korttidsdømde og korleis forvaltninga arbeider med dette feltet, både på sentralt, regionalt og lokalt nivå. Ulike sider ved det "moderne" fengsel blir også vurdert. Eit hovudfunn er at dei innsette ser svært positivt på skole i fengsel. Dette er eit godt utgangspunkt for å styrkje opplevinga av meistring hos elevane og å utvikla deira evne til sjølvforvaltning. Undervisninga må tilpassast den enkelte, samstundes som han eller ho må få dugleik til å fungere i samfunnet etter avslutta soning.

